# Ankesak mot dødsdømt utsatt

**PAKISTAN:** En av tre dommere i Pakistans høyesterett har trukket seg fra rettssaken, hvor fembarnsmoren Asia Bibi risikerer dødsdom for blasfemi mot profeten Muhammed. Saken blir dermed utsatt, trolig i flere uker.

Ifølge Stefanusalliansen nektet den ene dommeren å delta i ankesaken til blasfemi-anklagede Asia Bibi i Pakistan. Årsaken han oppgav var at han også deltok i saken til Salmaan Taseer, Punjab-guvernøren som ble myrdet på grunn av sin støtte til Asia Bibi, og at de to sakene var for nær knyttet sammen.

– De må nå vente på ny sammensetning av dommerpanel, antagelig i løpet av noen uker, forteller Thea Haavet i Stefanusalliansen.

Sajid Christopher Paul fra Human Friends Organization (HFO), advokaten og familien hennes var i høyesterett, men dommeren nektet å la dem si noe på grunn av at den ene dommeren trakk seg.

– Vi er fremdeles håpefulle og tror at Asia vil bli løslatt, sier Paul til Stefanusalliansen.

Stefanusalliansen forteller at den islamistiske «røde moske» også har sendt ut en advarsel at alle som støtter Asia Bibi vil bli ansett i samme kategori som henne: blasfemisk. Noen aviser trykte denne advarselen. Store sikkerhetsstyrker var utplassert i gatene og utenfor høyesterett i dag tidlig. Både organisasjonen Åpne Dører og Stefanusalliansen i Norge oppfordrer til bønn for Asia Bibi og familien hennes. DAGEN/KPK

**UTENFOR HØYESTERETT:** HFO-aktivist Tanveer (f.v), Ashiq Masih, Asia Bibis ektemann, Stefanusalliansens partner Sajid Christopher Paul og Asia Bibis advokat Saif Ul Malook. Foto: Stefanusalliansen

Har du tips, innspill eller kommentarer? | redaksjon@dagen.no

**BYGDEUTVIKLAR:** Misjonær Ketil Fuglestad frå Jæren er i full gang med å hjelpa folk i Etiopia til å starta eigne arbeidsplassar. For tida vert prosjektet presentert på kartongane til Q-meieria.

Olav Garvik redaksjonen@dagen.no

# Misjonsarbeid på mjølkekartong

Kavlifondet, som eig Q-meieria, har nemleg gitt støtte til prosjektet.

– Meir grundig informasjon kan ein dessutan få på Kavlifondet si heimeside, seier Fuglestad.

Han kallar seg misjonær i bygdeutvikling. Gjennom totalt sytten år har denne entusiasten arbeidd i Sør-Etiopia, fjorten år med Misjonssambandet som oppdragsgjevar.

– Mitt kall er å vera bygdeutviklar. Det har eg vore heile tida, og det vart eg oppmuntra til av generalsekretær Egil Granhagen i Misjonssambandet då Brit Signe og eg vart innvigde til misjonærar, for nokon forkynnar er eg strengt tatt ikkje, seier han.

### HJELP TIL SJØLVHJELP

Etter at han vart pensjonist, har han dei siste åra vore krumtapp i eit heilt nytt hjelpeprosjekt som på norsk heiter «Hjelp til sjølvhjelp». Etiopiske styresmakter er og med i samarbeidet og har det siste ordet om kven som skal få støtte. Men i all hovedsak er det innstillinga frå Fuglestad som blir fulgt. Hans oppgåve er primært å vera rådgjevar, skaffa midlar og laga rapportar. Grunntanken er at idérike og tiltaksame kvinner og menn får ein startkapital på inntil 4.000 norske kroner for å gå i gang med ei lita verksemd, slik at dei kan livberga seg sjølv.

– Det er mykje pengar etter etiopisk målestokk. Folk har gått i gang med eigne kaféar, små butikkar, frisørsalong, bakeri, planteskular, kaffeproduksjon, skogplanting, skopussing, bananutsal og kjøtproduksjon, for å nemna nokre døme. Tanken er å gje ei handsrekning til fattige som har sin eigen forretningsidé. På denne måten kan vi hjelpa både funksjonshemma, enkjer, einslege mødre, bønder og andre som sit trongt i det, men som har brennande lyst til å greia seg sjølv, seier Fuglestad.

Det vert ikkje stilt krav om tru og religionstilknytning. Derfor er det og ein del muslimar som får hjelp. Dei er like dyktige og takksame som andre.

### SUKSESSHISTORIE

Det er ei rørande og tankevekkande suksesshistorie han meir enn gjerne vil dela med Dagen sine lesarar. Etter knapt elleve år har han vore vitne til ei utruleg vekksttid. Av dei fleire hundre prosjekta som har fått støtte til no veit han berre om eit fåtal som kan kallast fiasko. Det skuldast nok at folket i Konso-regionen er kjent som driftige og svært arbeidssame menneske – akkurat slik han kjenner den typiske jærbuen.

– Det hender vel trass alt at nokon prøver å lura deg?

– Tabbekvotar må vi alle få lov å ha. Men etter alle desse åra i Etiopia har eg eit så godt nettverk og så godt kjennskap til dei lokale forholda at forsøk på lureri har vore eit lite problem.

Men korrupsjon? Det har han sett lite til i denne samanhengen.

### – UTRULEG GIVANDE!

Jau, Ketil Fuglestad veit kva han snakkar om. Han er utdanna sivilagronom innan grønsakproduksjon, blomar og frukt. Etter at han av familiære grunnar måtte ta ein pause som misjonær, var han i åra 1986-2005 fylkesgartnar i Rogaland. Mot slutten av den tida hadde han som oppgåve å rettleia og hjelpa bønder som ville setja nye idéar ut i livet og som fekk 25.000 kroner i startkapital frå Fylkesmannen. Det var til stor oppmuntring for dei som fekk slik støtte.

– Dette prosjektet sette Brit Signe og meg på tanken om å gå i gang med noko liknande i Etiopia då eg vart pensjonist. Vi var på

**KETIL FUGLESTAD**

**Fakta**

Ketil Fuglestad er som ein veteran å rekna når det gjeld misjonsarbeid i Etiopia. Han og kona Brit Signe kom dit første gong i 1976.

Yngste barnet var berre få veker gamalt då. Hungersnaud og tørke baud på store utfordringar. Men Ketil skjøna straks at det måtte plantast tre og skog og annan vekst for å få denne del av landet på fote att. Det første han gjorde var å planta 42 eukalyptustre.

Til all lukke vart Verdas Matvareprogram ein viktig medspelar. På det meste hadde han tusen mann i arbeid. Etter kort tid kom resultata. Regionen vart grøderik, og folk kom langvegsfrå for å kjøpa frukt og jamvel materialar til husbygging

**INFORMASJON:** Etioparar med gode forretningsidéar kan få støtte frå Self to Self Economic Development, som har fått støtte frå Kavlifondet. Foto: Q-meieriene